



## Notat

Dato: 23.04.2015  
Arkivsak: 2014/10030-26  
Saksbehandlar: birhau

---

**Til:** Fylkesordføraren

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Austrheim vidaregåande skule - rehabilitering som må kome til nybygg - spørsmål i fylkesutvalet 19.02.2015**

I fylkesutvalet sitt møte 19.02.2015 stilte Aud Karin Oen (SV) følgjande spørsmål:

«Syner til vedtak om Austrheim vidaregåande i fylkesutvalet i januar. Det kunne vore greitt å vite kva tidsperspektiv fylket har, spesielt med tanke på investeringane som må komme til nybygg. Kan ein rekna med at rehabilitering av eksisterande bygg vert igangsett ganske snart?»

Fylkestinget gjorde 12.03.2013 slikt vedtak i sak 1/13 Skolebruksplan for Hordaland fylkeskommune 2012-2025, del 2:

*c. Austrheim vgs vert oppretthalden, med fagtilbod og dimensjonering som vist i saksutgreiinga. Dette inneber at elektrofag (EL), helse og oppvekstfag (HO), teknikk og industriell produksjon (TIP), studiespesialiserande (ST) og restaurant- og matfag (RM) vert vidareført. Bygg- og anleggsteknikk (BA) og påbyggingskurs til generell studiekompetanse (PÅ) vert lagt ned. Fylkeskommunen arbeider for at Hordalandsavtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune vert vidareført og at Sogn og Fjordane fylkeskommune forpliktar seg til minst å dekkje ein fast årleg sum slik at den økonomiske situasjonen for skulen vert meir føreseieleg. Skulen må rehabiliterast eller få nybygg. Det skal greiast ut om 8-13-skule kan vere ei berekraftig løysing for Austrheim vgs på sikt. Fylkestinget ønskjer at skulen vurderer å etablere TAF-modell retta inn mot lokalt næringsliv og mot barne- og ungdomsarbeidarfaget.*

Austrheim vidaregåande skule held til i to åtskilde bygg på Mastrevik. Hovudbygget som fylkeskommunen eig, er eit ominnreidd industribygg frå 1972/1978 med bruttoareal på ca. 3.000 m<sup>2</sup>. I tillegg leiger vi ca. 1.500 m<sup>2</sup> i eit gammalt fabrikkbygg som ligg i gangavstand frå skulen. Leigeavtalen går fram til 2020. Fylkeskommunen har motteke tilbod om å kjøpe fabrikkbygget men har takka nei.

Både hovudbygg og leigebygg har trong for rehabilitering, og for hovudbygget har vi gjennomført eit skisseprosjekt med tilhøyrande kostnadsoverslag. Skal bygget oppgraderast til dagens standard, viser skisseprosjektet at kostnaden er tilnærma det same som for eit nybygg. Fylkesrådmannen vil kome tilbake til vidare utvikling av Austrheim vidaregåande skule i høve rullering av skulebruksplanen.